

Oppdaterte retningslinjer for kommunalt vegnett skal gjelde frå ???.2021:

1. *Vegar som skal vere kommunale og ha kommunalt driftsansvar er:*
 - *Kyrkje, gravstadar, offentlege bygg*
 - *Kommunale parkeringsplassar*
 - *Kommunale byggefelt*
 - *Private byggefelt der kommunen overtek va-anlegg og bustadgate i medhald av utbyggingsavtale*
 - *Samleveggar i sentrum og på bygdene*
 - *Idrettsanlegg*

2. *Kommunale vegar som ikkje kjem inn under punkt 1 vert å vurdere omklassifisert til privat veg, som døme:*
 - *Vegarmar som går ut frå samleveggar, mindre enn 300m*
 - *Vegar der det er alternativ tilkomstveg*
 - *Skogsvegar brukt som turveg*
 - *Fråflytta gardsbruk*
 - *Omklassifiserte vegar frå riksveg/ fv som kommunen ikkje har bruk for lenger*
 - *Vegar som fører til hytteområde med sterkt privatisert område*

3. *Nye søknader om kommunal overtaking av privat veg til kommunal drift skal handsamast etter fylgjande prinsipp:*
 - *Kan imøtekomast for nye utbyggingsområder når der er reguleringsplan, utbyggingsavtale, vegen løyser ut minimum 10 bustader og er ei lenging av eksisterande kommunalt vegnett.*
 - *Kan imøtekomast for eksisterande tomtefelt med min. 10 bustadtomter når det er bygt med kommunal standard, 8 tonn aksellast, fast dekke, snuplass for lastebil, veglys og heftefritt skøyte på veggrunn og er ei lenging av eksisterande kommunalt vegnett.*
 - *Kan imøtekomast når vegparsell kan inngå som del i samlevegnett eller i bustadgate. Krav vil vere utbyggingsavtale mellom kommunen og vegeigar.*

5. *Dersom vegar som i dag er kommunale med heimel i retningslinene skal gjerast private, skal dette i kvart einskild tilfelle vedtakast av TFU utvalet.*

6. *Idrettsanlegga*
Volda stadion, Volda skisenter, Fotballbana i Myrane på Folkestad og fotballbane ved Dalsfjord skule. Dei øvrige eksisterande idrettsanlegga i kommunen får uendra vegtilkomst eller auka veglengd etter evt. omklassifisering frå kommunal veg til privat veg.